



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Hardanger Energi AS
Boks 33
5782 KINSARVIK

Vår dato: **12 OKT 2011**

Vår ref.: NVE 201103729-3 ki/kha

Arkiv: 312 /052.21Z

Dykkar dato: 17.06.2011

Dykkar ref.: Nye Folkedal/Magne Alpen

Sakshandsamar:

Kristin Haugen

22 95 94 23

Hardanger Energi AS – Løyve til mellombels avvik frå lågaste regulerte vasstand for Svortetjørn i Folkedal, Granvin herad

Vi syner til dykkar søknad av 17.06.2011 med utfyllande søknad av 28.06.2011 om løyve til mellombels avvik frå lågaste regulerte vasstand for Svortetjørn.

Om søknaden

Svortetjørn er eksisterande inntaksdam til Folkedal kraftverk som fekk løyve til opprusting og utviding i konsesjon av 12.05.2010. Det føreligg ikkje noko manøvreringsreglement for Svortetjørn, men det er fast praksis å regulere det mellom kote 458,5 og 460,5. For å kunne gjera naudsynte arbeider på dammen i samband med opprustinga av kraftverket, søker Hardanger Energi AS om løyve til å senka vasstanden i Svortetjørn med inntil 2,5 meter under lågaste regulerte vasstand (LRV) tilsvarande kote 456 i perioden 01.05.2012 til 31.09.2012. Senking heilt ned til kote 456 vil berre vere naudsynt i delar av tidsrommet.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfang saka har, er ho ikkje kunngjort lokalt. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) meiner at saka er godt nok gjort greie for gjennom konsesjonshandsaminga for søknaden om løyve til opprusting av kraftverket.

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til avvik frå manøvreringsreglement i medhald av vassressurslova § 8 når føremålet er naudsynt reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket gjeng etter vårt syn inn under dette føremålet.

Det er ikkje funne spesielt omsynskrevande naturtypar i tiltaksområdet. Elva nedanfor Svortetjørn har vore tørrlagd i periodar over mange år, då det ikkje har vore krav om minstevasføring. Ved senking av vasstanden i Svortetjørn vil det ikkje vere naturleg overløp til Folkedalselvi. Det vil vere noko tilsig til Svortetjørn som må leiast forbi dammen. Av omsyn til livet i elva, bør det om mogleg oppretthaldes ei minstevasføring i anleggsperioden, men NVE finn det ikkje naudsynt å setje dette som vilkår i perioden der det er søkt midlertidig løyve.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Myrområda rundt Svortetjørn vil kunne få noko setningsskadar om senking av vasstanden blir langvarig. Masse kan gli ut og fylle opp inntaksdammen. Dette er lite ynskjeleg av omsyn til landskap, men også av omsyn til tjørnet som inntaksmagasin. NVE meiner at dette kan forhindras ved å halde vasstanden så høg som mogleg gjennom heile perioden, og at den berre i kortare periodar blir halde så lav som 2,5 meter under LRV.

Ved å ta omsyn til dette kan ikkje NVE sjå at senkinga av Svortetjørn inntil 2,5 meter under LRV er til nemneverdig skade for nokon kjende ålmenne interesser.

Konklusjon

NVE gjev løyve til at Hardanger Energi AS kan senka vasstanden i Svortetjørn med inntil 2,5 meter under LRV over ei periode på inntil 5 månader i perioden 01.05.2012-31.09.2012. Løyvet er gjeve i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gjeve på desse vilkåra:

- Alle endringar i vassføringa skal skje med mjuke overgangar.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta, ev. mellom arbeidsperiodane.
- Nedtappinga skal kunngjerast ein gong lokalt i god tid før nedtappinga startar.
- Ved brot på dei fastsette reglane gitt i lova eller i medhald av lova pliktar konsesjonæren etter krav frå NVE å bringe forholda i lovleg orden. NVE kan fastsette tvangsmulkt ved brot på reglane i konsesjonen eller andre reglar med heimel i lov.
- NVE føresetjar at Hardanger Energi AS har ordna dei privatrettslige tilhøva som eventuelt måtte bli skadelidande som en følge av tiltaket.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to be 'Rune Flatby'.

Rune Flatby
avdelingsdirektør

A handwritten signature in black ink, appearing to be 'Øystein Grundt'.

Øystein Grundt
seksjonssjef

Kopi: Granvin Herad, Postboks 13, 5733 GRANVIN
 Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN